

REGULERINGSFØRESEGNER FOR DETALJREGULERINGSPLAN FOR E39 ROMSDALSFJORDEN (VIK – JULBØEN).

Planområde «VIK-NERÅS» og DELPLANENE «BOLUNGNESET» og «SJØGARDSBUKTA»

Planidentifikasjon: 1535 0144

Kommunens sak/arkivnr: 2014/1255

Planforslagsdato: 2016-05-11

Revidert etter innkomne merknader: 2016-09-30

Vedtatt i kommunestyret i sak 98/2016: 2016-10-27

Revidert etter innkomne klager:

Revidert etter Riksantikvarens og Møre og Romsdal fylkeskommunes behandling: 2016-09-30

Endringsforslag deler av planområdet: 2019-10-31

Revidert etter innkomne merknader endret planforslag: [2019-12-09](#)

Vedtatt endra planforslag: 20-12-10

Endringsforslag deler av planområdet (sørdele): [2020-12-11](#)

Revidert etter innkomne merknader endret planforslag:

Vedtatt endra planforslag (sørdele):

§ 1. Generelt

1.1 Planavgrensning

Reguleringsplanen omfattar reguleringsføresegner, teikningar og reguleringsplankart i målestokk 1: 1000. Regulert område er vist med reguleringsgrense på reguleringsplankarta.

Justert plan desember 2020 har kartblad 0. Dette er den sørlegaste del av plana, og strekninga som vidarefører planen over i E39 Ørskogfjellet – Vik vidare sørover. Grensa for plana nordover på E39 faller saman med kor planending i 2019 startar.

Omregulering frå desember 2019 har kartblad 1-7, kor blad 4-7 er tunnel. Blad 4 frå plan vedtatt 2016, er i det store uforandra og fortsett gjeldande. Planane faller saman i profil 10520 frå plan vedtatt 2019.

Reguleringsføresegnene gjeld for areal som ligg innafor plangrensa.

1.2 Reguleringsføresmål

Planområdet er regulert til følgjande formål:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, punkt 1):

- Avløpsanlegg (BAV)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, punkt 2):

- Køyreveg (o_SKV, f_SKV og SKV)
- Gang- og sykkelveg (o_SGS)
- Gangveg/gangareal (o_SGG)
- Kollektivhaldeplass (o_SKH)
- Pendlar-/innfartsparkering (o_SPI)
- Annan veggrunn – tekniske anlegg (o_SVT)
- Annan veggrunn – grøntareal (f_SVG)
- Tekniske bygningar (O_STB)
- Utslippspunkt rent vann fra tunnel i Sjøgardsbukta (o_SVT5)

Landbruks-, natur- og friluftsområde samt reindrift (PBL § 12-5, punkt 5):

- Landbruksformål (LL)

- Friluftsmål (LF)
- Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL § 12-5, punkt 6):
 - Naturområde i sjø og vassdrag (VNV)
- Omsynssoner (PBL § 12-6):
 - Sikringsone:
 - Frisiktsone (H140)
 - Sikringsone og restriksjonssone – tunnel (H190)
 - Faresoner:
 - Høgspenningsanlegg, høgspenkabler (H370)
 - Soner med særlege omsyn:
 - Bevaring kulturmiljø (H570)
 - Bandleggingsone:
 - Bandlegging etter lov om kulturminner (H730)
- Områdeføresegner (PBL § 12-7, punkt 1)
 - Områdeføresegner, rpBO
 - Mellombels rigg- og anleggsområde (#)

§ 2. Fellesføresegner

2.1 Kulturminne

Dersom det i samband med utbygging blir oppdaga automatisk freda kulturminne på land eller i sjø som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast i den utstrekning det råkar kulturminnet eller sikringssona på 5 meter. Funn på land skal straks meldast til fylkeskommunen si kulturavdeling og funn i sjø skal straks meldast til Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum, jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

2.2 Universell utforming

Gang- og sykkelveggar, busshaldeplassar med busskur og parkeringsplassar skal byggjast etter prinsippa om universell utforming.

2.3 Støy

• Miljøverndepartementets veileder for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/ 2016) er lagt til grunn i reguleringsplanen, og *skal leggjast til grunn for både anleggsfase og driftsfase*. Målet er å oppfylle grenseverdi 55 dB (Lden) på uteplass og 30 dB (Leq24h) inne i rom med støyfølsom bruk. Det endelege omfanget av støytiltak skal vurderast i forbindelse med byggeplan for vegprosjektet der ein vil leggja opp til at ein skjermar vegen frå område rundt ved å helda E39 lågt og evt. byggja naturlege vollar.

På Vik blir det lagt opp til å skjerme omgivnadane med jordvollar, evt med låge kombinerte støyskjermar fungerande som gjerde som vist på reguleringsplankart. Nødvendige justeringar i byggeplanfasen blir lagt til grunn *slik at for eks. dersom det under byggeplanarbeidet viser seg at støygrenser i T-1442 /2016 blir oppfylt med lågare skjermhøgder, vil høgde på skjermene og vollene kunne reduserast. Dersom det er tilstrekkeleg plass innanfor areal regulert til annan veggrunn, kan ein velgje voll der det i planen står skjerm, alternativt velje skjerm i staden for eller i kombinasjon med voll samt justere sideterreng.*

• Vedlagt støysonekart (teikning X001) skal leggjast til grunn for støyvurderingane i byggeplanlegginga. *Det er utarbeidd reviderte støysonekart for heile planområdet etter justeringane haust 2019 datert 23.09.2019. Dette erstattar tidlegare støysonekart.*

Det er på nytt utarbeidd revidert støysonekart, teikning X110, for planområdet etter justeringane hausten 2020, datert 11.12.2020. Dette erstattar tidlegare støysonekart innanfor planområdet.

- Støytiltak skal ferdigstillast samtidig med utbygging av prosjektet.
- *Støy frå kontrollplass skal ikkje overstige anbefalte grenseverdier for annan industri i T-1442/2016.*

2.4 Byggegrense langs offentlig veg

Byggegrense til veg følgjer veglova § 29 anna ledd, der anna ikkje er vist på plankarta. For hovudvegen vil byggegrensa være 50 m frå senter i kvar køyrebane. I kryssområdet vil byggegrensa være 50 m frå senter i rampane.

2.5 Tiltak langs offentlig veg

Ved tiltak langs veg skal det ikkje gjerast terrenginngrep som gir vegkroppen dårlegare stabilitet.

2.6 Frisiktlinje ved vegkryss

Innanfor frisiktlinje ved vegkryss skal det være fri sikt i høgde 0,5 meter over tilstøytane vegars planum.

2.7 Landskapsbehandling og terrengtilpassing

- Eksisterande botnvegetasjon og vekstmedium innanfor alle område som blir råka av vegbygginga (inkludert midlertidig rigg- anleggsområde), skal som første del av anleggsarbeidet tas av og mellomagrast på bestemte område i anleggsperioden.
- Botnvegetasjon og vekstmedium skal mellomagrast separat, og tiltak skal gjerast for at massane ikkje risikerer å bli infisert av ugras eller ureine massar. Resterande matjord, som ikkje inneheld ugras og uønskte artar, skal mellomagrast og leggjast ut igjen, men då utan synlege rester av røter og plantemateriale. Jord frå jordbruksareal og grøfter skal ikkje brukast som vekstmedium i område der det skal gjennomførast naturleg revegetering. Alle råka areal knytt til veganlegget skal setjast i stand og såast til, med nemnte unntak for område der det skal gjennomførast naturleg revegetering.
- Nytt veganlegg skal utførast slik at det blir best mogleg tilpassa eksisterande terreng og omgivnader.

Alle skjeringar og fyllingar skal avsluttast inn mot terreng, slik at sideområda får ein estetisk god utforming og slik at overgangen mot eksisterande terreng blir så naturleg som mogleg.

- Viltgjerdar skal plasserast på ein best mogleg estetisk måte i terrenget. Plasseringa av viltgjerdene kan endrast i anleggsfasen dersom dei blir plasserte innanfor det arealet som er avsett til vegformål og beheld sin funksjon som viltgjerde.

2.8 Tiltak i og langs vassdrag

- Alle bekke-/elveomleggingar må ta omsyn til vassføring, erosjonssikring, biologisk mangfald og god istandsetting av landskapet. Det skal ikkje etablerast nye kulvertar/bruer som hindrar fisken i å passere.

Kulvertar skal byggjast på en slik måte at fiskevandring blir teke omsyn til på ein god måte. Person med fiskefagleg kompetanse skal vere med og godkjenne løysningane i byggeplanlegging og ved utforming av tiltaket i felt. Dette gjeld for både kulvertar og terrengtilpassingar nedstrøms/ oppstrøms.

- Det skal takast omsyn til kantsoner langs bekkar og elvar og dei må bevarast på best mogleg måte. Viktig med tiltak for å unngå tilslamming av vassdrag. **Tiltak for å minimere forureining og avrenning til vassdrag skal konkretiserast i ein ytre miljøplan utarbeidd i byggjefasen, og følgjast opp i anleggs – og driftsfasen.** Der kantsona blir øydelagt, skal denne revegeterast/ plantast så snart som mogleg.
- Etter at anlegget er avslutta, skal botnforholda tilbakeførast til ein så lik tilstand som mogleg som før anleggsarbeidet starta. **Botnsubstratet skal takast vare på og tilbakeføres til vassdraga.**
- Anleggsarbeidet for bekke-/elveomleggingar skal ikkje gjennomførast i gyteperioden, tidsperioden frå 1. september til 1. desember.

2.9 Avvik i arealet for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Grunnverv skal skje i samsvar med godkjent reguleringsplan.

Endringar innafør område regulert til veg vil kunne skje som følge av som for eksempel grunnforhold, feil kartgrunnlag og optimalisering av løysing.

Areal som ikkje blir brukt til vegformål, skal nyttast som tilstøytane formål eller gå tilbake til opphavleg formål.

2.10 Formingsrettleiar

Det er utarbeidd en formingsrettleiar som skal sikre ein gjennomgåande estetisk utforming av E39 frå Ålesund til Molde. Formingsrettleiar vedlagt reguleringsplanen og viser estetisk utforming, byggetiltak, materialbruk mv. for vegprosjektet.

§ 3. Bygningar og anlegg

3.1 Avløpsanlegg

Område merka BAV skal nyttast til avløpsanlegg for Vestnes kommune ~~og utslepp av drensvatn frå tunnelen.~~

I området kan det setjast ned kummar og leggjast leidning til sjø. Det skal i området ikkje anleggjast varige bygg- eller anlegg over bakkenivå, og området skal permanent i hovudsak ha eit grønt dekkje. Tiltak innafør området skal utformast og gjennomførast i samråd med rette kulturvernmynde.

§ 4. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

4.1 Køyreveg

4.1.1 Offentleg køyreveg

- Køyreveg merket o_SKV skal nyttast til offentleg køyreveg, og omfattar vegbane med skuldrar, bruer, undergangar, kryssområder og stopplommer.

- Vegen har regulert breidde i.h.t. vedlagt profil (hovudveg 20 m), og planlagt høgde er vist på C-teikningar vedlagt reguleringsplanen.

- Det er ikkje tillate med andre avkøyrslar til hovudvegen og på sidevegar enn dei som er vist på plankartet. Enkeltavkøyrslar er vist med pil.

Felles avkøyrslar og private avkøyrslar er regulert som ein del av køyrevegen, og skal vere eigd av det offentlege. Vedlikehaldet skal skje i samsvar med punkt 9 i «Forskrift om alminnelege regler om bygging av vedlikehald av avkøyrslar frå offentleg veg».

- Område merka o_SKV6 på plankart 0 skal nyttast til kontrollstasjon/sambruksstasjon av Statens vegvesen. Innafør dette området er det tillate med oppsetting av bygningar som kontrollhall og kontorbygningar for dette formålet.

- Område merka o_SVT1 - o_SVT2 og o_SVT9 - o_SVT27 er omsynssone (sikringssone og restriksjonssone) i samband med tunnelen. Område merka o_SVT3 - o_SVT8 skal nyttast til tekniske rom i tunnelen.

- Område merka o_SVT5 ved Sjøgardsbukta skal nyttast til utslepp av drensvatn frå tunnelen.

I området kan det setjast ned kummar og leggjast leidning til sjø. Det skal i området ikkje anleggjast varige bygg- eller anlegg over bakkenivå, og området skal permanent i hovudsak ha eit grønt dekkje.

4.1.2 Felles vegar

Det er regulert felles vegar merka med f_SKV lista opp nedanfor. Vegane er utforma som landbruksvegklasse 7 i samsvar med «Normaler for landbruksveger» av 21. mars 2013.

- f_SKV1 gjelder for anleggsvegen til Kjellneset.
- f_SKV2 gjelder bru over Vidåna på Neråsvegen
- f_SKV3 for gnr. 57/1, 57/2, 57/4, 57/5 og 57/10, m.fl.
- ~~f_SKV4 for 57/1, 57/5, 57/6, 57/4 og 57/10 m.fl. Uaktuell etter omregulering 11.12.2020~~
- f_SKV5 for 60/21 m.fl.
- f_SKV6 for 57/35 m.fl (adkomst til Sjøgardsbukta)
- f_SKV7 for 60/1 og 60/21 vest for tunnelpåhogg i sør.
- f_SKV8 for gnr. 48/1, 48/3, 59/4, 59/1, 59/3, 60/21, 60/5 og 60/157 m.fl.

- f_SKV9 for 48/78 og 48/125 og 48/30 nord for fv. 661.

Vegane gjelder også for eventuelle eigarar av rettar.

Anleggsvegen til Kjellneset er merka med f_SKV1 på plankart 2 frå 2019, skal opparbeidast som fullverdig veg i anleggsperioden. I vegen skal det også leggjast ei overvassleidning for drencvatn frå tunnelen til sjø på Kjellneset. Vegen skal nyttast til transport av tunnelmasse til lekterkaia på område #7 samt all transport som er nødvendig for gjennomføring av anleggsarbeidet. Etter at anleggsarbeidet er avslutta vert anleggsvegen fjerna og området skal gå tilbake til opphavleg arealformål.

4.1.3 Private vegar

Det er regulert private vegar merket med SKV for eigedomane lista opp nedanfor. Vegar spesielt for landbruk er markert med landbruksvegklasse 7 i samsvar med «Normaler for landbruksveger» av 21. mars 2013.

- SKV_1 – SKV1 er vist på plankart 4/10, og er avkjørsler frå anleggsvegen til Kjellneset.
- SKV_3 for gnr. 57/10.
- SKV_4 for gnr. 48/5 sørsida av fv. 661, driftsveg i øst fv. 661
- SKV_5 for gnr. 58/4 nordsida av fv. 661, Bruheim
- SKV_6 for gnr. 48/33 på nordsida av fv. 661.
- SKV_7 for gnr. 48/30 på nordsida av fv. 661.

Vegane gjelder også for eventuelle eigarar av rettar.

4.1.4 Avkjørsler som skal stengjast

Det er ikkje tillate med andre avkjørsler til vegen enn dei som er vist på plankartet.

4.2 Gang- og sykkelveg

- Område merka o_SGS skal nyttast til offentleg gang- og sykkelveg, og har regulert breidde på 3,5 meter.
- Gang- og sykkelveger skal byggjast etter prinsippet om universell utforming.

4.3 Gangveg/gangareal

Område merka o_SGG skal nyttast til offentleg gang- og sykkelveg. På desse områda kan det setjast opp busstur.

4.4 Kollektivhaldeplass

Områder merka o_SKH skal nyttast til haldeplass for buss. Området skal ha universell utforming.

4.5 Pendlar-/innfartsparkering

- Areal merka o_SPI kan nyttast til offentleg parkering i tilknytning til busslommer.
- Ved busshaldeplasser skal minst to plasser være dimensjonert og reservert for rørslehemma.
- Tilrettelegging for sykkelparkering.

4.6 Annen veggrunn – tekniske anlegg

Sideareal merka, o_SVT, f_SVT og SVT kan nyttast til skjeringar, fyllingar, grøfter, rekkverk, murar og eventuelle støyskjermingstiltak langs offentleg, felles og privat køyreveg. Teknisk infrastruktur som rør, kablar, slukar, skilt/skiltportalar, veglys, viltgjerder og bominnkrevingsanlegg kan også plasserast innafør arealet.

Nokre endringar i skråningsutslag og formålsgrenser vil kunne skje som følge av forhold som ikkje kan ses på førehand i forhold som til dømes grunnforhold eller feil i kartgrunnlag.

4.7 Annan veggrunn – grøntanlegg

Område merka o_SVG er offentlege areala som kan nyttast til skjeringar, fyllingar, grøfter, rekkverk, murar og eventuelle støyskjermingstiltak langs offentleg, felles og privat kjøreveg. Teknisk infrastruktur som rør, kablar, slukar, skilt/skiltportalar, veglys, viltgjerder og bominnkrevingsanlegg kan også plasserast innafør arealet. Teknisk bygg, inntil 30 m², for el-installasjon, kan setjast opp i forbindelse med kryssområdet.

Sideareal merka f_SVG1 – f_SVG6 kan nyttast skjeringar, fyllingar, grøfter, rekkverk, murar og eventuelle støyskjermingstiltak langs anleggsvegen (f_SKV3) til industriområdet på Kjellneset. Dette er private områder.

4.8 Tekniske bygningar

I område merka o_STB kan det oppførast teknisk bygg i samband med tunnelane i begge ender av dagsone på Vik. I desse områda vil det også være aktuelt å sette opp signalmast for radio/mobil-samband knytt til tunnelen.

§ 5. Landbruks-, natur- og friluftsområde samt reindrift

5.1 Landbruks-, natur- og friluftsområde

- Område merka LL skal nyttast til landbruksformål. Områdene skal nyttas, jf. gjeldande føresegner i gjeldande kommuneplan.
- I område med mykje vassig bak vegskjeringane kan det bli aktuelt å bygge terrenggrøfter.
- Område merka LF på Bolungneset skal nyttast til friluftformål.

§ 6. Bruk og vern av sjø og vassdrag

6.1 Naturområde i sjø og vassdrag

- Område merka o_VNV1 vist på plankart 0 skal nyttast til omlegging av Vidåna.
- Område merka o_VNV2 og o_VNV3 vist på plankart 1/7 skal nyttast til omlegging av Øveråsloken
- Område merka o_VNV3 vist på plankart 1/7 skal nyttast til allment tilgjengeleg friluftsområde. Det er det ikkje tillate med inngrep i elveløpet utan at det på førehand er godkjent av nødvendige offentlege instansar.
- Område merka o_VNV4 vist på plankart 0 skal nyttast til omlegging av Litlvidåna.

§ 7. Omsynssoner

7.1.1 Frisiktsone

Innanfor frisiktsone ved vegkryss skal det være fri sikt i høgde 0,5 meter over tilstøytane vegars planum.

7.1.2 Restriksjonar rundt tunnel og fjellrom

Omsynssona omfattar areal i 20 meters utstrekning omkring tunnel og tilhøyrande fjellrom. Innafor omsynssona kan det berre oppførast installasjonar og tekniske anlegg som er naudsynt for etablering og drift av veganlegget. Overflatearbeid som til dømes sprenging og som kan innebere skade innafør restriksjonssona krev godkjenning frå Statens vegvesen.

7.2 Faresone høgspentanlegg

Område merka H370 gjelder sikkerheitssone under og rundt høgspentlinjer. Tiltak i desse områda skal godkjennast av leidningseigar. Det kan gjennomførast nødvendig flatehogst. Det er ikkje tillate med formål for varig opphald innafør dette området.

7.3 Soner med særleg omsyn

7.3.1 Bevaring kulturmiljø

Omfattar dei automatisk freda kulturminna sine buffersoner og areal som ikkje er avgrensa ytterlegare.

Desse er merka H570_1-H570_2 og på Bolongneset merka H570 på plankartet.

Det er ikkje høve til å sette i gong gravearbeid eller andre tiltak som kan skade, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei freda kulturminna eller framkalle fare for at dette kan skje. Det skal setjast opp mellombels gjerde langs sikringssona i anleggsfasen der det vert aktuelt med anleggsaktivitet inntil sikringssona. Eventuelle dispensasjonar frå føresegnene må godkjennast av rette antikvarisk mynde, fylkeskonservator, jf. kulturminnelovas § 2.andbruk).

7.4. Bandleggingssoner

7.4.1 Bandlegging etter lov om kulturminne

Omfattar dei automatisk freda kulturminna som er merka H730_1 – H730_9 Det er ikkje høve til å sette i gang gravearbeid eller andre tiltak som kan skade, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei freda kulturminna eller framkalle fare for at dette kan skje. Eventuelle dispensasjonar frå føresegnene må godkjennast av rette antikvarisk mynde, Riksantikvaren, jf. kulturminnelovas §2.

Dei automatisk freda kulturminna som er merka H730_2 – H730_6 og som ligg innafør området som er merka H570_2, skal fysisk sikrast med gjerde mot veganlegget under heile anleggsperioden. Det er heller ikkje tillate med anleggstrafikk gjennom dette området merka (H570_2). Sikringsarbeid og oppsetting av gjerde skal avklarast med Møre og Romsdal fylkeskommune.

Det automatisk freda kulturminnet ID 214087 i sør, skal ikkje gravast ut som følgje av [reguleringsendring 11.12.2020](#), og inngår i område regulert til LNFR.

§ 8. Områdeføresegner

8.1 Mellombels massedeponi, rigg- og anleggsområde

Generelle føresegner for rigg- og anleggsområde:

- Riggområde og anleggsområde (både på land og i sjø) kan nyttast til all verksemd som er nødvendig for gjennomføring av veganlegget, slik som mellombelse bygningar og anlegg, mellombels lagring og vidareforedling av masser, stadeigen vegetasjon, oppstillingsareal for bilar/maskinelt utstyr, knusing/foredling av masse m.m.
- Når områda blir teke i bruk, skal dei sikrast på forsvarleg måte.
- Det kan i anleggsperioden anleggjast mellombelse vegar for handsaming av trafikk i bygge- og anleggsfasen.
- Der rigg- og anleggsbeltet kryssar avkøyrslar og tilkomstvegar/driftsvegar, skal anleggsdrifta planleggast og utførast slik at den ikkje hindrar bruken av desse i vesentleg grad.
- Matjord skal tas vare på og nyttast til tilbakeføring til landbruksareal. Matjord skal ikkje flyttast mellom ulike eigedommar.
- Det skal tas forholdsreglar for å unngå spreiding av framande artar og smittestoff, både gjennom flytting av vann eller jord, samt bruk av utstyr eller massar som kan ha vore i kontakt med slike artar/smittestoff.
- Etter at anleggsperioden er over, og seinast i løpet av sommaren etter ferdigstilling av anlegget, skal alle råka område settast i stand og såast i, eller vere naturleg revegetert. Områda skal deretter gå over til arealformåla som vist i plankartet.
- Ved overskriding av støygrensene gitt i tabell 5 i retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442) skal man følge tilrådingane i kapittel 4 i veilederen til retningslinene (M-128 2014).

Spesielle føresegner for det enkelte område:

- Områda merka #1 er anleggsbelte som kan nyttast til midlertidige vegar for avvikling av trafikk, lagring av massar og stadeigen vegetasjon mv. Når områda blir teke i bruk, skal dei sikrast på forsvarleg måte. Matjord skal takast vare på og nyttast til tilbakeføring av landbruksareal.

- Område merka #2 på (plankart 2019) skal spesielt nyttast til riggplass med midlertidige bygg (brakker) og lagerområde for anleggsmaskiner og driftsutstyr. Området kan også nyttast til lagring av overskotsmasse og knusing av bergmassar. Området er hovudsakleg erstatta av områder for kulturmiljø, område merka H_570.
- Område merka #4 og #5 (plankart 2019) skal spesielt nyttast til riggplass med midlertidige bygg (brakker) og lagerområde for anleggsmaskiner og driftsutstyr.
- Gjennom område merka #4 (plankart 2019) skal det vere tillate å leggje ei overvassleidning frå veganlegget med utløp i Vidåna.
- Område merka #6, #7 og #8 (plankart 2019) skal spesielt nyttast til lagring av overskotsmasse, knusing av bergmassar, asfaltverk og anlegg for betongproduksjon.
- Område merka o_VPN7 og LL15 med midlertidig område #7 på plankart 4 (2016) skal spesielt nyttast til hamn for utskipping av tunnelmasse. Området kan også nyttast til lagring av overskotsmasse og lagerområde for driftsutstyr og bygningselement til tunnelen. Det er tillate med bygging av ei midlertidig lekterkai. Etter at anleggsarbeidet er ferdig skal området ryddast og lekterkaia fjernast. Område på land skal tilbakeførast som fylldyrka mark og LNF-område, mens område i sjø skal tilbakeførast til naturområde i sjø og vassdrag.
- Områda merka #14 er anleggsbelte som kan nyttast til omlegging av elvene Vidåna og Litlvidåna. Lagring av masser og stadeigen vegetasjon mv. Når områda blir teke i bruk, skal dei sikrast på forsvarleg måte. Toppdekke skal takast vare på og nyttast til tilbakeføring av landbruksareal. Utforming og istandsetting er omtalt i §2 Fellesforesegner i §2.8 Tiltak i og langs vassdrag. Anleggsarbeidet for elveomleggingar skal ikkje gjennomførast i gyteperioden, tidsperioden frå 1. september til 1. desember.
- Område merka #15 skal spesielt nyttast til midlertidig rigg- og anleggsområde og permanent deponering av overskotsmasse. Fyllingshøgde er 3-8 m der det er god terrengtilpassing til sideareal, dvs. helling minimum 1:4 mot sideareal. Maksimal utnytting er 150.000 m³. Når områda blir teke i bruk, skal dei sikrast på forsvarleg måte. Matjord/toppdekke skal takast vare på og nyttast til tilbakeføring av landbruksareal.

8.2 Område føresegner rpBO – automatisk freda kulturminne

Før iverksetjing av anleggsarbeid innanfor gjeldande delområde i samband med bygging av E39 Vik – Julbøen, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna id 262879, 262882, 262884, 262886, 262887, 162604, 213551, 213552, 214083, 215411 og 219398 som er merka som område for føresegn (rpBO) i plankartet. I tillegg gjeld det same for id 213553 som også inngår i hele planområdet. Kulturminne med id 213553 skal gravast ut, og er medteke i reguleringsendring av 11.12.2020. Dei automatisk freda kulturminna med id 214078 og id 213550 skal ikkje gravast ut i siste reguleringsendring, datert 11.12.2020.

Naudsynte inngrep i sikringssona til Id 72671 kan gjennomførast utan vilkår.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskninga kan bli fastsett.

§ 9. Rekkefølgeføresegner

9.1 Ytre miljøplan

Før byggearbeida kan setjast i gang, skal det vere utarbeidd ein ytre miljøplan som sikrar at føringar og krav for det ytre miljøet blir teke i vare på ein systematisk måte i den vidare detaljeringa og prosjekteringa.

Som del av plana skal det inngå ein massehandsamingsplan for matjord.

9.2 Trafikktryggingstiltak langs fv. 661

Før E39 Vik - Julbøen blir tatt i bruk skal det gjennomførast nødvendige trafikktryggingstiltak langs fv. 661 mellom Furneskrysset på Vestnes og kryss med E39 på Vik, under her samanhengande gang- og sykkelveg.
